

Årsmelding 2022 for NLA Sogn og Fjordane Org.nr. -

STYRET 2022:

Hanna A. Hansen, Julie Daling, Hilde Ruud og Ruthild Dale (kontaktperson)

MEDLEMMER: i starten 2022 var me 20, til årsskifte 2023 blitt me 16 medlemane
(Åse-Birgitte Berstad sa opp medlemskap i NLA, Magdalena Reknes, Brita Undredal og Hanne Tolleshaug flyttet til Bergen og er no med i NLA Hordaland)

ÅRSMØTET 2022: På teams 29.3.2022 kl. 20:00 til 21:30.

AKTIVITETER OG REPRESENTASJON:

Lokallaget Sogn og Fjordane tok initiativ til Vestlandstreff der me møtte NLA Hordaland i Bergen til fagleg og sosialt samvær. Me var til saman 8 landskapsarkitektar som to turen til Bergen og fekk omvising på Solheimsvik i regi av landskapsarkitekt Arne Smedvig. Folk var kanskje spesiell imponert over kor frodig anlegget mellom husa vart. Me hold ut i 3 timer i vind og vær, tok mange bilete og fekk svar på mange spørsmål. Dagen vart avslutta med fellesmiddag der me sat blanda mellom laga og snakka om både fag og folk. Folk var veldig opne og alle fekk kontakt med kvarandre. Dagen etter møtte me Anna Wathne (Asplan Viak Bergen) og fekk omvising i Arboretet og Bergen botaniske hage på Milde. Me måtte gå fort for å rekkje alt. Både planter og historia til anlegget var tema under vandringa. Spesiell tematikken om universell utforming av rosariet i anleggsfasen var spennande å høyre. Dagen vart avslutta med lunsj heime hjå Anna. Det var mange som syntest at vi kan gjera slike arrangement fleire gonger.

Leikanger, 31.03.2023

Ruthild Dale
Kontaktperson lokallag S&F

